



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 79

(2003–2004)

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygningar

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 25. juni 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/91/EF om energibruken til bygningar (byggningsdirektivet) vart vedteke i Rådet 16. desember 2002. Direktivet er gjort gjeldande frå 4. januar 2003 for medlemsstatane i EU, med frist for gjennomføring i nasjonal rett 4. januar 2006.

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 den 23. april 2004 vart det vedteke at byggningsdirektivet skal innlemmast i vedlegg IV til EØS-avtala (energi). Avgjerda vart teken med atterhald om samtykke frå Stortinget, ettersom gjennomføringa av direktivet gjer det naudsynt med lovendringar, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala. Med denne proposisjonen vert Stortinget derfor bede om å gje sitt samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen.

Avgjerda i EØS-komiteen og direktivet i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Generelt om innhaldet i direktivet

Direktivet, som har heimel i artikkel 175 i EU-traktaten, har som mål å betre energibruken til bygningar. Bakgrunnen for direktivet er at det finst eit stort potensial for energieffektivisering i

byggningssektoren som kan medverke til både reduserte utslepp av klimagassar og betre forsyningstryggleik.

I direktivet vert det vist til at det i grønboka «Towards a European Strategy for Energy Supply» (KOM(2000)769) vert konkludert med at det ikkje er oppnådd tilstrekkelege resultat gjennom støtteprogram, og at det må gjerast ein større innsats for å skipe eit klart juridisk rammeverk for å redusere veksten i energietterspurnaden. Det vert vidare vist til «European Climate Change Programme» (KOM(2000)88), der energisparing i byggningssektoren vert trekt fram som eit viktig område for å redusere utsleppa av klimagassar. Det vert òg vist til at det alt finst føresegner i eksisterande direktiv som har som føremål å medverke til auka energieffektivitet. Direktiva som er nemnde, er: kjele-direktivet (92/42/EØF) og byggjevaredirektivet (89/106/EØF).

Direktivet gjev eit felles rammeverk for å fremje meir energieffektive bygningar innanfor EU/EØS, og tek høgde for klimatiske og nasjonale variasjonar. Direktivet inneheld følgjande fire hovudelement:

- Felles metode for utrekning av energibruken til bygningar.
- Definerde nasjonale energikrav for nye bygg og bygningar som vert renoverte, med visse unntak.

- Innføring av energisertifikat for nye og eksisterande bygg som viser kor energieffektive bygga er, sett i høve til dei førnemnde energikrava. Energisertifikatet skal innehalde tilrådde tiltak. I offentlege bygningar og bygg i offentlig bruk skal energisertifikata vere synlege for ålmenta.
- Periodisk inspeksjon av klimaanlegg (kjøle- og ventilasjonsanlegg) over 12 kW og fyringsanlegg over 20 kW med omsyn til energibruk. For fyringsanlegg kan det innførast alternative tiltak med tilsvarande effekt.

Vidare stiller direktivet krav om at energisertifiseringa og energiinspeksjonane skal gjennomførast av uavhengige, kvalifiserte og/eller godkjente sakkunnige. Direktivet stiller òg krav om at brukarar av bygg skal få informasjon om metodar og rutinar som medverkar til meir energieffektive bygningar.

3 Nærmare om dei ulike artiklane i direktivet

Artikkel 1

Artikkel 1 tek føre seg målet for direktivet, som er å fremje auka energieffektivitet i bygningar i EU. Det skal takast omsyn til uteklima og lokale tilhøve, og til krav til inneklima og kostnadseffektivitet. Dessutan er det ei liste over dei ulike områda som direktivet gjev føreseger om.

I direktivet vert det fastsett krav med omsyn til:

- ramma for ein utrekningsmetode for energibruken i bygningar,
- bruk av minstekrav til energibruken i nye bygningar,
- bruk av minstekrav til energibruken i eksisterande store bygningar som skal restaurerast i større omfang,
- energisertifisering av bygningar, og
- jamleg kontroll av kjelar og klimaanlegg i bygningar, og ei vurdering av varmeanlegg med kjelar som er meir enn 15 år gamle.

Artikkel 2

Artikkel 2 definerer åtte ulike uttrykk som er nytta i direktivet:

Bygning: ein konstruksjon med tak og vegger, der det vert nytta energi for å påverke inneklimate. Ein bygning kan vere bygningen som heilskap, eller delar av han som er utforma eller endra for særskild bruk.

Energibruken til ein bygning: den energimengda som faktisk vert nytta, eller som det vert rekna

ut skal nyttast for å dekkje dei ulike behova i samband med ein standardisert bruk av bygningen. Dette kan m.a. omfatte oppvarming, varmt vatn, kjøling, ventilasjon og lysgjeving. Denne energimengda skal gjevast att i ein eller fleire talindikatorar. Når desse vert rekna ut, skal det takast omsyn til isolasjon, tekniske eigenskapar og installasjonseigenskapar, utforming og plassering i høve til klimaomsyn, påverknad frå sol og innverknad frå tilstøytande bygningar, eigen energiproduksjon og andre faktorar som påverkar energietterspurnaden, medrekna inneklima.

Energisertifikat for ein bygning: eit sertifikat som er godkjent av styresmaktene eller ein juridisk person som styresmaktene peikar ut, som viser energibruken til ein bygning rekna ut etter ein metode som byggjer på den ramma som er fastsett i vedlegget til direktivet.

Kraftvarme (CHP): samtidig omdanning av primærbrensel til mekanisk eller elektrisk energi og termisk energi, som oppfyller visse kvalitetskriterium for energibruk.

Klimaanlegg: ein kombinasjon av alle komponentar som krevst for å oppnå ei form for luftbehandling der temperaturen vert kontrollert eller senka, eventuelt i kombinasjon med regulering av ventilasjon og av fukt og reinleik i lufta,

Kjel: eit samla kjel/brennar-anlegg som er meint for å overføre varme som vert frigjort ved forbrenning, til vatn.

Nominell nytteeffekt (uttrykt i kW): største varmeeffekt, fastsett og garantert av produsenten, ved kontinuerleg drift, samstundes som den driftsverknadsgraden som produsenten har opplyst om, vert halden ved lag.

Varmepumpe: ein innretning eller eit anlegg som trekkjer ut varme ved låg temperatur frå luft, vatn eller jord, og leverer varmen til bygningen.

Artikkel 3

I medhald av artikkel 3 skal det nyttast ein metode, på nasjonalt eller regionalt plan, for utrekning av energibruken til bygningar på grunnlag av den ramma som er fastsett i vedlegget til direktivet. Ramma skal tilpassast til den tekniske utviklinga. Energibruken til ein bygning skal uttrykkest på ein klar måte, og kan omfatte ein indikator for CO₂-utslepp.

Artikkel 4

I artikkel 4 vert det fastsett krav til energibruk. Det skal fastsetjast minstekrav til energibruk for bygningar på grunnlag av den metoden som er nemnd

i artikkel 3. Ved fastsetjing av krava kan det skiljast mellom nye og eksisterande bygningar og ulike kategoriar av bygningar. Krava skal ta omsyn til alminnelege tilhøve knytte til inneklima, for såleis å unngå moglege negative verknader som t.d. utilstrekkeleg ventilasjon, og dessutan til lokale tilhøve og til alderen og den planlagde funksjonen til bygningen. Krava skal gjennomgåast med jamne mellomrom som ikkje bør overstige fem år. Når det trengst, skal dei ajourførast for å spegle att den tekniske utviklinga i byggjesektoren.

Krava til energibruk skal nyttast i samsvar med artikkel 5 og 6.

Det kan gjerast vedtak om å ikkje fastsetje eller nytte krava for følgjande kategoriar av bygningar:

- bygningar og monument som er offisielt verna som del av eit utvalt miljø eller på grunn av den særlege arkitektoniske eller historiske verdien deira, der etterleving av krava ville endre karakteren eller utsjånaden deira på ein uakseptabel måte,
- bygningar som vert nytta til gudsteneste og anna religiøs verksemd,
- mellombelse bustader som det er planlagt å nytte i høgst to år, industrianlegg, verkstader og landbruksbygningar med lågt energibehov som ikkje vert nytta til bustadføremål, og landbruksbygningar som ikkje vert nytta til bustadføremål, og som vert nytta av ein sektor som er omfatta av ei nasjonal sektoravtale om energibruk,
- bygningar som vert nytta til bustadføremål, og som det er planlagt å nytte mindre enn fire månader per år,
- frittståande bygningar med eit samla bruksareal på mindre enn 50 m².

Artikkel 5

I medhald av artikkel 5 skal det gjerast naudsynte tiltak for å sikre at nye bygningar oppfyller dei minstekrava til energibruk som er nemnde i artikkel 4.

For nye bygningar med eit samla bruksareal på meir enn 1 000 m² skal det før byggjeart vurderast og takast omsyn til om følgjande alternative system kan nyttast på ein teknisk, miljømessig og økonomisk forsvarleg måte:

- desentraliserte energiforsyningssystem som byggjer på fornybar energi,
- kraftvarme (CHP),
- fjernvarme- eller nærvarmeanlegg for oppvarming eller kjøling, dersom dette er tilgjengeleg,
- varmpumper, under visse omstende.

Artikkel 6

I medhald av artikkel 6 skal eksisterande bygningar med eit samla bruksareal på meir enn 1 000 m² som gjennomgår større restaurering, oppfylle minstekrava til energibruk, jf. artikkel 4, i den grad det er teknisk, funksjonelt og økonomisk mogleg. Krava kan fastsetjast, anten for den restaurerte bygningen som heilskap, eller for dei restaurerte systema eller komponentane, når desse er del av ei restaurering som vert utført i eit avgrensa tidsrom og har som mål å betre den samla energibruken til bygningen.

Artikkel 7

Artikkel 7 stiller krav om at når bygningar vert oppførde, selde eller leigde ut, skal det leggjast fram eit energisertifikat for eller av eigaren. Sertifikatet kan vere gyldig i opptil ti år.

Sertifisering av husvære eller einingar i bustadkompleks kan byggje på:

- ei felles sertifisering av heile bygningen for bustadkompleks med eit felles varmeanlegg, eller
- ei vurdering av eit anna representativt husvære i det same bustadkomplekset.

Bygningskategoriane som er nemnde i artikkel 4 tredje leddet, kan fritakast frå kravet om energisertifisering.

Energisertifikatet for bygningar skal omfatte referanseverdiar som gjeldande krav eller standardverdiar, for såleis å gje forbrukarane høve til å jamføre og vurdere energibruken til bygningen. Sertifikatet skal følgjast av tilrådingar om kostnadseffektive tiltak for betre energibruk.

Føremålet med sertifikata skal berre vere å gje informasjon om energibruken i bygg. Rettsleg status og rettslege følgjer av sertifikata skal avgjerast i samsvar med nasjonale reglar.

I bygningar med eit samla bruksareal på meir enn 1 000 m² som vert nytta av offentlege styresmakter og institusjonar som tilbyr offentlege tenester til svært mange personar, og som derfor ofte vert oppsøkte av desse personane, skal eit energisertifikat som ikkje er eldre enn ti år, vere plassert på ein framtrédande plass der det er godt synleg for ålmenta.

Intervall for tilrådde og faktiske innnetemperaturar og andre relevante klimafaktorar kan òg visast.

Artikkel 8

I medhald av artikkel 8 er det mogleg å velje to alternative tiltak som er retta mot kjelar:

- a. Jamleg kontroll av kjelar som nyttar ikkje-for-nybart flytande eller fast brensel med ein nominell nytteeffekt på 20–100 kW. Slike kontrollar kan òg gjennomførast av kjelar som nyttar andre typar brensel.

Kjelar med ein nominell nytteeffekt på meir enn 100 kW skal kontrollerast minst annakvart år. For gasskjelar kan dette tidsrommet lengjast til fire år.

For varmeanlegg med kjelar med ein nominell nytteeffekt på meir enn 20 kW og som er eldre enn 15 år, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre ein eingongskontroll av heile varmeanlegget. Kontrollen skal omfatte ei vurdering av effektiviteten og storleiken til kjelen i høve til oppvarmingsbehovet til bygningen. På grunnlag av denne kontrollen skal dei sakkunnige gje brukarane råd om utskifting av kjelane, om andre endringar av varmeanlegget og om alternative løysingar.

- b. Tiltak som sikrar at brukarar av kjelar får rådgjeving om utskifting av kjelar, andre endringar av varmeanlegget og alternative løysingar som m.a. kan omfatte kontrollar for å vurdere effektiviteten og storleiken til kjelen.

Den samla verknaden av alternativ b) bør i store trekk svare til verknaden av føresegnene i alternativ a). Kommisjonen (ESA for EFTA-statar som er med i EØS) skal informerast dersom alternativ b) vert valt.

Artikkel 9

Artikkel 9 stiller krav til kontroll av klimaanlegg. For å redusere energiforbruket og avgrense utslappa av karbondioksid skal det gjennomførast jamleg kontroll av klimaanlegg med ein nominell nytteeffekt på meir enn 12 kW.

Denne kontrollen skal omfatte ei vurdering av effektiviteten og storleiken til klimaanlegget i høve til kjølebehovet til bygningen. Brukarane skal få eigna råd om mogleg utbetring eller utskifting av klimaanlegget, og om alternative løysingar.

Artikkel 10

I medhald av artikkel 10 skal styresmaktene sikre at sertifiseringa av bygningar, utarbeidinga av dei medfølgjande tilrådingane og kontrollen av kjelar og klimaanlegg vert gjennomført på ein uavhengig

måte av kvalifiserte og/eller godkjende sakkunnige.

Artikkel 11

Artikkel 11 omfattar føresegner som er knytte til ajourføring av direktivet. Kommisjonen skal få hjelp av ein komité, jf. artikkel 14, for å vurdere direktivet i lys av dei røynslene som vert gjorde. Komiteen skal ved behov gjere framlegg om m.a. moglege tilleggstiltak og allmenne incitament for ytterlegare energieffektiviseringstiltak i bygningar.

Artikkel 12

I medhald av artikkel 12 skal det gjennomførast tiltak for å opplyse brukarar av bygningar om ulike metodar og rutinar som medverkar til å gje auka energieffektivitet. Kommisjonen skal kunne medverke ved gjennomføringa av slike opplysningskampanjar, som òg kan vere del av fellesskapsprogram.

Artikkel 13

Artikkel 13 set krav til tilpassinga av den allmenne ramma som er gjeven i vedlegget til direktivet. Nr. 1 og 2 i vedlegget skal reviderast jamleg og minst annakvart år.

Artikkel 14

Artikkel 14 set krav om at Kommisjonen skal få hjelp av ein komité, og inneheld vidare føresegner for komiteen.

Artikkel 15, 16 og 17

I artikkel 15, 16 og 17 er det fastsett fristar og krav for gjennomføringa av direktivet i nasjonal lovgjeving. Fristen for å gjennomføre direktivet i nasjonale lover og forskrifter er 4. januar 2006. I mangel av kvalifiserte og/eller godkjende sakkunnige kan det nyttast endå tre år for å gjennomføre føresegnene i artikkel 7, 8 og 9. Medlemsstatar som vil nytte den ekstra gjennomføringstida, skal melde frå til Kommisjonen om dette (ESA for EFTA-statar som er med i EØS).

4 Avgjerda i EØS-komiteen

Ved avgjerd EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 vart det fastsett at europaparlaments- og råds-

direktiv 2002/91/EF om energibruken til bygningar (byggningsdirektivet) skal innlemmast i vedlegg IV til EØS-avtala (energi).

I innleiinga vert det vist til at EØS-avtala, og særleg artikkel 98, gjev høve til å endre avtala ved avgjerd i EØS-komiteen. Det vert vidare slått fast at byggningsdirektivet skal innlemmast i EØS-avtala, og at Island vert friteke frå føresegnene i direktivet.

Artikkel 1 omfattar ordlyden i nytt nr. 17 i vedlegg IV til EØS-avtala.

Artikkel 2 slår fast at den norske direktivteksta, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal vere gyldig.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen tek til å gjelde 24. april 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 i avtala. For Noreg sin del inneber dette at det vert innhenta samtykke frå Stortinget, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

Artikkel 4 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

5 Gjennomføring av direktivet i norsk rett

Når det gjeld direktivføresegnene om energisertifikat og energiinspeksjon av klima- og fyringsanlegg, finst det ikkje tilsvarende krav i norsk lovverk. Det same gjeld krav til uavhengige, kvalifiserte og/eller godkjende sakkunnige for gjennomføringa av energisertifisering og energiinspeksjonar. Direktivet inneber derfor at det må gjerast ei lovendring på desse områda for å etablere ein heimel for nye forskrifter.

Når det gjeld direktivføresegnene om metoden for utrekning av energibruk og energikrav, vil desse kunne gjennomførast i norsk lovgjeving ved endringar i forskriftene til Plan- og bygningslova. Direktivføresegnene om energisertifikat og energiinspeksjon av klima- og fyringsanlegg kan gjennomførast ved endringar i gjeldande lover eller ved ei eiga gjennomføringslov med tilhøyrande forskrifter.

6 Administrative og budsjettmessige konsekvensar

Direktivet vil føre med seg administrative krav i samband med godkjenning og tilsyn med sertifiserings- og inspeksjonsordningane. Føresetnaden er at utgiftene i samband med gjennomføringa av

direktivet, medrekna naudsynte godkjennings- og tilsynsordningar, vert dekte innanfor eksisterande budsjettrammer.

Når det gjeld sertifiserings- og inspeksjonsordninga, vil kostnadene verte dekte av seljarar og utleigarar av bygg, eventuelt òg av anleggseigarane. Kor store kostnader ordningane vil føre med seg, vil m.a. vere avhengig av kor omfattande nasjonale krav ein vil stille til energisertifikata og energiinspeksjonane.

7 Konklusjon

Føremålet med byggningsdirektivet er å betre energibruken til bygningar. Bakgrunnen for direktivet er at det finst eit stort potensial for energieffektivisering i byggningssektoren som kan medverke til både reduserte utslepp av klimagassar og auka forsyningstryggleik. Noreg står overfor store utfordringar når det gjeld å auke forsyningstryggleiken og redusere miljøkonsekvensane ved produksjon og bruk av energi. Føremålet med direktivet er i tråd med målet om ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon. Føresegnene i direktivet vil byggje opp under og utfylle tiltak som alt er sette i verk.

Direktivet overlét i stor grad til kvart einskilt land å skipe metodar og framgangsmåtar i medhald av direktivet. Ein felles metode for utrekning av energibruk og energikrav inneber ei videreutvikling av føresegner om energibruk som alt finst i Plan- og bygningslova, og er i tråd med norsk politikk på området.

Ved å synleggjere energibruken og moglege utbetringar i eit energisertifikat kan dette verdsettast av kjøparar og leigetakarar, noko som igjen kan vere eit incitament for eigarane av bygga til å gjere utbetringar. Å medverke til auka medvit og nyttig informasjon om energibruk i samband med omsetning og utleige er i tråd med dei politiske målsetjingane om ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon.

Det same gjeld dei krava som direktivet stiller til inspeksjon av fyringsanlegg eller alternative tiltak, som skal føre til ei utbetring eller utskifting av eksisterande anlegg med lite effektiv energibruk. I Noreg er det alt skipa ei frivillig ordning for effektiv oljefyring som omfattar svært mange fyringsanlegg. I tillegg er det innført energioppfølgingssystem i ei rekkje bygg.

Kjøling vert teke i bruk i aukande grad i Noreg, og derfor er det viktig å sikre at dei anlegga som vert installerte og nytta, er energieffektive.

Direktivet stiller krav om uavhengige eksper-

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygningar

tar for gjennomføring av energisertifiseringa og inspeksjonsordningane. Det er i tråd med eksisterande politikk på området at det vert stilt krav til utførande personell for å sikre kvaliteten på den sertifiseringa og dei inspeksjonane som vil verte utførde.

Det er gjort overslag som syner at ei innskjerping av krava til energiyting for nye bygg og for bygg som vert rehabiliterte i tråd med direktivet, vil spare energi som svarar til om lag 2,5 TWh per år innanfor ein tiårsperiode. Energisparinga som følgjer av sertifisering og inspeksjonar, vil kome i tillegg til dette. Det er ein føresetnad at dei nye energikrava som vil verte stilte i byggjeforskriftene, skal gje samfunnsøkonomisk lønsame investeringar.

På denne bakgrunnen tilrår Olje- og energide-

partementet at Noreg godkjenner avgjerda i EØS-komiteen om å innlemme bygningsdirektivet i EØS-avtala. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energibruken i bygningar.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygningar, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygningar

I

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygningar.

Vedlegg 1

EØS-komiteens beslutning nr. 37/2004 av 23. april 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg IV (Energi)

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 98, og på følgende bakgrunn:

1. Avtalens vedlegg IV er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 19/2004 av 19. mars 2004¹.
2. Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/91/EF av 16. desember 2002 om energieffektivitet i bygninger², skal innlemmes i avtalen.
3. Bestemmelsene i direktiv 2002/91/EF får ikke anvendelse for Island –

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkel 1

I avtalens vedlegg IV etter nr. 16 (europaparlaments- og rådsdirektiv 98/30/EF) skal nytt nr. 17 lyde:

«17. **32002 L 0091**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/91/EF av 16. desember 2002 om energieffektivitet i bygninger (EFT L 1 av 4.1.2003, s. 65).

Direktivets bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasning:

Direktivets bestemmelser får ikke anvendelse for Island.»

Artikkel 2

Teksten til direktiv 2002/91/EF på norsk, som vil bli kunngjort i EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*, skal gis gyldighet.

Artikkel 3

Denne beslutning trer i kraft 24. april 2004, forutsatt at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1³.

Artikkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*.

Utferdiget i Brussel, 23. april 2004.

For EØS-komiteen

Formann

P. Westerlund

EØS-komiteens sekretærer

Ø. Hovdikkinn

M. Brinkmann

¹ Ennå ikke kunngjort.

² EFT L 1 av 4.1.2003, s. 65.

³ [Forfatningsrettslige krav angitt.][Ingen forfatningsrettslige krav angitt.]

Vedlegg 2**Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/91/EF av 16. desember 2002 om energieffektivitet i bygninger**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR —

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 175 nr. 1,

under henvisning til forslag fra Kommisjonen¹, under henvisning til uttalelse fra Den økonomiske og sosiale komité²,

under henvisning til uttalelse fra Regionkomiteen³,

etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251⁴ og

ut fra følgende betraktninger:

1. I henhold til traktatens artikkel 6 skal miljøvernkrav integreres i utformingen og gjennomføringen av Fellesskapets politikk og virksomhet.
2. Naturressursene, som i henhold til traktatens artikkel 174 skal utnyttes forsiktig og rasjonelt, omfatter oljeprodukter, naturgass og fast brensel, som er viktige energikilder, men også de viktigste kildene til utslipp av karbondioksid.
3. Økt energieffektivitet utgjør en viktig del av samlingen av politiske og andre tiltak som er nødvendige for å etterkomme Kyoto-protokollen, og bør inngå i enhver samling av politiske tiltak med sikte på å oppfylle ytterligere forpliktelser.
4. Styring av energietterspørselen er et viktig verktøy for Fellesskapet for å påvirke det globale energimarked og dermed forsyningssikkerheten på mellomlang og lang sikt.
5. I sine konklusjoner av 30. mai 2000 og av 5. desember 2000 sluttet Rådet seg til Kommisjo-

nens handlingsplan om energieffektivitet og anmodet om særskilte tiltak i byggesektoren.

6. Bolig- og servicesektorene, som hovedsakelig består av bygninger, står for mer enn 40 % av Fellesskapets endelige energiforbruk og vokser fortsatt, en utvikling som vil øke deres energiforbruk og dermed også deres utslipp av karbondioksid.
7. Rådsdirektiv 93/76/EØF av 13. september 1993 om begrenning av utslipp av karbondioksid ved bedring av energieffektiviteten (SAVE)⁵, som krever at medlemsstatene utvikler, gjennomfører og rapporterer om programmer på området energieffektivitet i byggesektoren, begynner nå å vise gode resultater. Det er likevel behov for et ytterligere juridisk virkemiddel for å fastsette mer konkrete tiltak med sikte på å utnytte det store potensialet for energiøkonomisering og redusere de store forskjellene mellom medlemsstatenes resultater i denne sektor.
8. I henhold til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁶ kreves det at byggverk og deres varme-, kjøle- og ventilasjonsanlegg skal planlegges og oppføres på en slik måte at det nødvendige energiforbruk ved utnyttelse av bygget blir lavt, idet det tas hensyn til lokale klimatiske forhold og til beboerne.
9. I forbindelse med tiltak for ytterligere å øke bygningers energieffektivitet bør det tas hensyn til klimatiske og lokale forhold samt inn klima og kostnadseffektivitet. De bør ikke være i strid med andre vesentlige krav til bygninger som tilgjengelighet, forsiktighet og bygningens planlagte anvendelsesformål.
10. Bygningers energieffektivitet skal beregnes på grunnlag av en metode som kan differensieres på regionalt plan, og som i tillegg til varmeisolasjon omfatter andre faktorer som spiller en stadig viktigere rolle, for eksempel varme- og klimaanlegg, bruk av fornybare energikilder og utforming av bygningen. En felles tilnærming

¹ EFT C 213 E av 31.7.2001, s. 266 og EFT C 203 E av 27.8.2002, s. 69.

² EFT C 36 av 8.2.2002, s. 20.

³ EFT C 107 av 3.5.2002, s. 76.

⁴ Europaparlamentsuttalelse av 6. februar 2002 (ennå ikke offentliggjort i EFT), Rådets felles holdning av 7. juni 2002 (EFT C 197 av 20.8.2002, s. 6) og europaparlamentsbeslutning av 10. oktober 2002 (ennå ikke offentliggjort i EFT).

⁵ EFT L 237 av 22.9.1993, s. 28.

⁶ EFT L 40 av 11.2.1989, s. 12. Direktivet sist endret ved direktiv 93/68/EØF (EFT L 220 av 30.8.1993, s.1).

til denne prosessen, som gjennomføres av kvalifiserte og/eller godkjente sakkyndige som på grunnlag av objektive kriterier er garantert uavhengige, vil bidra til like vilkår med hensyn til medlemsstatenes innsats for energiøkonomisering i byggesektoren og gi bedre innsyn for potensielle eiere eller brukere med hensyn til energieffektiviteten på Fellesskapets eieningsmarked.

11. Kommisjonen vil videreutvikle standarder som EN 832 og prEN 13 790, også med hensyn til klimaanlegg og belysning.
12. Bygninger påvirker energiforbruket på lang sikt, og nye bygninger bør derfor oppfylle minstekrav til energieffektivitet som er tilpasset det lokale klima. Beste praksis bør i denne forbindelse rettes mot maksimal anvendelse av faktorer som er relevante for å oppnå økt energieffektivitet. Fordi mulighetene for å anvende alternative energiforsyningssystemer allment sett ikke er maksimalt utnyttet, bør de tekniske, miljømessige og økonomiske mulighetene for alternative energiforsyningssystemer vurderes; dette kan gjøres én gang av medlemsstaten gjennom en undersøkelse som resulterer i en liste over energiøkonomiseringstiltak, ut fra gjennomsnittlige lokale markedsvilkår, som oppfyller kriteriene for kostnadseffektivitet. Før bygging igangsettes kan det kreves særskilte undersøkelser dersom tiltaket eller tiltakene anses som gjennomførbare.
13. Større restaurering av eksisterende bygninger over en viss størrelse bør anses som en mulighet til å treffe kostnadseffektive tiltak for å oppnå økt energieffektivitet. Større restaurering er tilfeller der de samlede kostnadene for restaureringen av bygningsskall og/eller energinstallasjoner som oppvarming, varmtvannsforsyning, klimaanlegg, ventilasjon og belysning overstiger 25 % av bygningens verdi, unntatt verdien av tomten bygningen står på, eller der mer enn 25 % av bygningsskallet restaureres.
14. Økt samlet energieffektivitet i en eksisterende bygning innebærer imidlertid ikke nødvendigvis en total restaurering av bygningen, men kan være begrenset til de delene som er mest relevante for bygningens energieffektivitet, og som er kostnadseffektive.
15. Restaureringskrav for eksisterende bygninger bør ikke være uforenlige med bygningens planlagte funksjon, kvalitet eller karakter. Det bør være mulig å inntjene tilleggs kostnader knyttet til slik restaurering innenfor et rimelig tidsrom i forhold til den forventede tekniske levetid, gjennom økt energiøkonomisering.
16. Sertifiseringen kan støttes gjennom programmer som bidrar til lik tilgang til økt energieffektivitet, kan bygge på avtaler mellom interesseorganisasjoner og et organ utnevnt av medlemsstatene, eller kan foretas av energitjenesteleverandører som samtykker i å forplikte seg til å foreta de påviste investeringer. Ordningene som innføres bør overvåkes og følges opp av medlemsstatene, som også bør fremme bruken av incitamentordninger. I den utstrekning det er mulig bør sertifikatet beskrive bygningens faktiske situasjon når det gjelder energieffektivitet, og det bør kunne revideres i samsvar med denne. Bygninger som huser offentlige myndigheter og bygninger som ofte oppsøkes av allmennheten, bør fungere som forbilder når det gjelder miljø- og energimessige hensyn, og bør derfor regelmessig underlegges energisertifisering. Disse opplysningene om energieffektivitet bør spres til allmennheten ved at energisertifikatene plasseres på steder der de vises tydelig. I tillegg bør oppslag som viser offisielt anbefalte innetemperaturer sammen med faktisk målt temperatur, motvirke feil bruk av varme-, klima- og ventilasjonsanlegg. Dette bør bidra til at unødig energibruk unngås og at det sikres et behagelig innneklima (varmekomfort) i forhold til utetemperaturen.
17. Medlemsstatene kan også anvende andre midler/tiltak enn de som er nevnt i dette direktiv, for å oppmuntre til økt energieffektivitet. Medlemsstatene bør oppmuntre til god energiforvaltning, idet det tas hensyn til bygningenes bruksintensitet.
18. I de seneste år har antall klimaanlegg økt i søreuropeiske stater. Dette skaper store problemer på tidspunkter med stor belastning, øker prisen på elektrisitet og forstyrrer energibalansen i disse statene. Strategier som fører til bedre termisk ytelse i bygninger om sommeren bør prioriteres. Passiv kjøleteknikk bør derfor videreutvikles, og særlig slik teknikk som forbedrer innneklimaet og mikroklimaet rundt bygninger.
19. Regelmessig vedlikehold av kjeler og klimaanlegg utført av kvalifiserte personer bidrar til at anleggene er riktig innstilt i samsvar med produktspesifikasjonen og sikrer på den måten at de virker best mulig ut fra miljø-, sikkerhets- og energihensyn. Hver gang utskifting kan være aktuelt med tanke på kostnadseffektivitet, er det hensiktsmessig å foreta en uavhengig vurdering av hele varmeanlegget.
20. Fakturering av beboernes utgifter til oppvarming, klimaanlegg og varmt vann beregnet på

grunnlag av det faktiske forbruk, vil kunne bidra til energiøkonomisering i boligsektoren. Beboerne bør kunne regulere sitt eget forbruk av varme og varmt vann, i den grad slike tiltak er kostnadseffektive.

21. I samsvar med nærhets- og forholdsmessighetsprinsippet som fastsatt i traktatens artikkel 5, bør alminnelige prinsipper og mål for et system av krav til energieffektivitet fastsettes på fellesskapsplan, men detaljene ved gjennomføringen bør overlates til medlemsstatene slik at hver medlemsstat kan velge den ordning som passer best for statens særlige situasjon. Dette direktiv er begrenset til det minimum som er nødvendig for å nå disse mål, og går ikke lenger enn det som er nødvendig for dette formål.
22. Det bør være mulighet for å hurtig tilpasse beregningsmetodene og for at medlemsstatene regelmessig reviderer minstekravene for bygningers energieffektivitet med hensyn til teknisk utvikling, blant annet når det gjelder konstruksjonsmaterialets isolerende egenskaper (eller kvalitet), og til utviklingen innenfor standardisering.
23. De tiltak som er nødvendige for gjennomføringen av dette direktiv, bør vedtas i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommissjonen⁷.

VEDTATT DETTE DIREKTIV:

Artikkel 1

Mål

Målet for dette direktiv er å fremme økt energieffektivitet i bygninger i Fellesskapet, idet det tas hensyn til uteklimate og lokale forhold samt krav til inneklimate og kostnadseffektivitet.

I dette direktiv fastsettes krav med hensyn til:

- a. den allmenne rammen for en beregningsmetode for integrert energieffektivitet i bygninger,
- b. anvendelsen av minstekrav til energieffektiviteten i nye bygninger,
- c. anvendelsen av minstekrav til energieffektiviteten i eksisterende store bygninger som skal gjennomgå større restaurering,
- d. energisertifisering av bygninger, og
- e. regelmessig kontroll av kjeler og klimaanlegg i bygninger samt en vurdering av varmeanlegg med mer enn 15 år gamle kjeler.

Artikkel 2

Definisjoner

I dette direktiv menes med:

1. «bygning»: en konstruksjon med tak og vegger, der det brukes energi for å påvirke inneklimate; en bygning kan bety en bygning som helhet eller deler av den som er utformet eller endret for særskilt bruk,
2. «en bygnings energieffektivitet»: den mengde energi som faktisk forbrukes eller beregnes brukt for å dekke de ulike behov knyttet til en standardisert bruk av bygningen, som blant annet kan omfatte oppvarming, varmt vann, kjøling, ventilasjon og belysning. Denne mengden skal gjengis i en eller flere tallindikatorer som beregnes idet det tas hensyn til isolasjon, tekniske egenskaper og installasjonsegenskaper, utforming og plassering i forhold til klimahensyn, utsettelse for sol og innvirkning fra tilstøtende bygninger, egen energiproduksjon og andre faktorer, herunder inneklimate, som påvirker energietterspørselen,
3. «energisertifikat for en bygning»: et sertifikat godkjent av medlemsstaten eller en juridisk person utpekt av den, som viser en bygnings energieffektivitet beregnet etter en metode som bygger på den allmenne rammen fastsatt i vedlegget,
4. «kraftvarme» (CHP): samtidig omdanning av primærbrensel til mekanisk eller elektrisk energi og termisk energi, som oppfyller visse kvalitetskriterier for energieffektivitet,
5. «klimaanlegg»: en kombinasjon av alle komponenter som kreves for å oppnå en form for luftbehandling der temperaturen kontrolleres eller senkes, eventuelt i kombinasjon med regulering av ventilasjon, luftfuktighet og luftrenhet,
6. «kjel»: et samlet kjel/brenner-anlegg som er beregnet på å overføre varme som frigjøres ved forbrenning, til vann
7. «nominell nytteeffekt (uttrykt i kW)»: største varmeeffekt, fastsatt og garantert av produsenten, ved kontinuerlig drift, samtidig som den driftsvirkningsgrad produsenten har oppgitt, overholdes,
8. «varmepumpe»: en innretning eller et anlegg som trekker ut varme ved lav temperatur fra luft, vann eller jord og leverer varmen til bygningen.

⁷ EFT L 184 av 17.7.1999, s. 23.

Artikkel 3**Vedtakelse av en metode**

Medlemsstatene skal anvende en metode, på nasjonalt eller regionalt plan, for beregning av bygningers energieffektivitet på grunnlag av den allmenne rammen fastsatt i vedlegget. Del 1 og 2 av denne rammen skal tilpasses til den tekniske utvikling etter framgangsmåten nevnt i artikkel 14 nr. 2, idet det tas hensyn til standarder eller normer som er gjennomført i medlemsstatens lovgivning.

Denne metoden skal fastsettes på nasjonalt eller regionalt plan.

En bygnings energieffektivitet skal uttrykkes på en klar måte og kan omfatte en indikator for CO₂-utslipp.

Artikkel 4**Fastsettelse av krav til energieffektivitet**

1. Medlemsstatene skal treffe de tiltak som er nødvendige for å sikre at det fastsettes minstekrav til energieffektivitet for bygninger på grunnlag av metoden nevnt i artikkel 3. Når medlemsstatene fastsetter krav, kan de skille mellom nye og eksisterende bygninger og ulike kategorier av bygninger. Disse kravene skal ta hensyn til alminnelige forhold knyttet til inneklima, for å unngå mulige negative virkninger som utilstrekkelig ventilasjon, samt lokale forhold og bygningens planlagte funksjon og alder. Disse kravene skal gjennomgås med jevne mellomrom som ikke bør overstige fem år og, ved behov, ajourføres for å gjenspeile den tekniske utvikling i byggesektoren.
2. Kravene til energieffektivitet skal anvendes i samsvar med artikkel 5 og 6.
3. Medlemsstatene kan vedta å ikke fastsette eller anvende kravene nevnt i nr. 1 for følgende kategorier av bygninger:
 - bygninger og monumenter som er offisielt vernet som del av et utvalgt miljø eller på grunn av deres særlige arkitektoniske eller historiske verdi, der overholdelse av kravene ville endre deres karakter eller utseende på en uakseptabel måte,
 - bygninger som brukes til gudstjeneste og annen religiøs virksomhet,
 - midlertidige boliger som det er planlagt å bruke i to år eller mindre, industrianlegg, verksteder og landbruksbygninger med lavt energibehov som ikke brukes til boligformål, og landbruksbygninger som ikke brukes til boligformål og som brukes av en

sektor som omfattes av en nasjonal sektoravtale om energieffektivitet,

- bygninger som brukes til boligformål og som det er planlagt å bruke mindre enn fire måneder per år,
- frittstående bygninger med et samlet bruksareal på mindre enn 50 m².

Artikkel 5**Nye bygninger**

Medlemsstatene skal treffe de nødvendige tiltak for å sikre at nye bygninger oppfyller minstekravene til energieffektivitet nevnt i artikkel 4.

For nye bygninger med et samlet bruksareal på mer enn 1 000 m², skal medlemsstatene sikre at tekniske, miljømessige og økonomiske muligheter for alternative systemer som

- desentraliserte energiforsyningssystemer som bygger på fornybar energi,
- kraftvarme,
- fjernvarme- eller nærvarmeanlegg for oppvarming eller kjøling, dersom det er tilgjengelig,
- varmepumper, under visse omstendigheter,
- vurderes og tas hensyn til før byggingen igangsettes.

Artikkel 6**Eksisterende bygninger**

Medlemsstatene skal treffe de nødvendige tiltak for å sikre at når bygninger med et samlet bruksareal på mer enn 1 000 m² gjennomgår større restaurering, oppgraderes deres energieffektivitet for å oppfylle minstekravene i den grad det er teknisk, funksjonelt og økonomisk mulig. Medlemsstatene skal utlede disse minstekravene til energieffektivitet på grunnlag av de krav til energieffektivitet som fastsettes for bygninger i samsvar med artikkel 4. Kravene kan fastsettes enten for den restaurerte bygningen som en helhet eller for de restaurerte systemene eller komponentene når disse er del av en restaurering som skal utføres i løpet av et begrenset tidsrom, med det ovennevnte mål å forbedre bygningens samlede energieffektivitet.

Artikkel 7**Energisertifikat**

1. Medlemsstatene skal sikre at det når bygninger bygges, selges eller leies ut framlegges et energisertifikat for eieren eller av eieren for den mulige kjøper eller leietaker, alt etter om-

stendighetene. Sertifikatet skal ikke være gyldig i mer enn ti år.

Sertifisering av leiligheter eller enheter beregnet på særskilt bruk i boligkomplekser kan bygge på:

- en felles sertifisering av hele bygningen for boligkomplekser med et felles varmeanlegg, eller
- en vurdering av en annen representativ leilighet i samme boligkompleks.

Medlemsstatene kan utelukke kategoriene nevnt i artikkel 4 nr. 3 fra anvendelsen av dette nr.

2. Energisertifikatet for bygninger skal omfatte referanseverdier som gjeldende rettsregler og standardverdier for referansemåling, for å gi forbrukerne mulighet til å sammenligne og vurdere bygningens energieffektivitet. Sertifikatet skal følges av anbefalinger med hensyn til kostnadseffektiv økning av energieffektiviteten.

Formålet med sertifikatene skal bare være å gi opplysninger, og eventuelle følger av disse sertifikatene i form av rettergang eller annet, skal avgjøres i samsvar med nasjonale regler.

3. Medlemsstatene skal treffe tiltak for å sikre at det for bygninger med et samlet bruksareal på mer enn 1 000 m² som brukes av offentlige myndigheter og institusjoner som tilbyr offentlige tjenester til et stort antall personer, og som derfor ofte oppsøkes av disse personene, plasseres et energisertifikat som ikke er eldre enn ti år, på en framtreddende plass der det er godt synlig for allmennheten.

Intervaller for anbefalte og faktiske innetemperaturer og, der det er hensiktsmessig, andre relevante klimafaktorer kan også vises tydelig i disse bygningene.

Artikkel 8

Kontroll av kjeler

For å redusere energiforbruk og begrense utslipp av karbondioksid, skal medlemsstatene enten

- a. treffe de nødvendige tiltak for å gjennomføre regelmessig kontroll av kjeler som oppvarmes med ikke-fornybart flytende eller fast brensel med en nominell nytteeffekt på 20 kW til 100 kW. Slike kontroller kan også gjennomføres av kjeler som bruker andre typer brensel.

Kjeler med en nominell nytteeffekt på mer enn 100 kW skal kontrolleres minst hvert annet år. For gasskjeler kan dette tidsrommet forlenges til fire år.

For varmeanlegg med kjeler med en nominell nytteeffekt på mer enn 20 kW som er eldre enn

15 år, skal medlemsstatene treffe de nødvendige tiltak for å gjennomføre en engangskontroll av hele varmeanlegget. På grunnlag av denne kontrollen, som skal omfatte en vurdering av kjelens effektivitet og størrelse i forhold til bygningens oppvarmingsbehov, skal de sakkyndige gi brukerne råd om utskifting av kjelene, andre endringer av varmeanlegget og alternative løsninger, eller

- b. treffe tiltak for å sikre at det gis råd til brukerne om utskifting av kjeler, andre endringer av varmeanlegget og alternative løsninger som kan omfatte kontroller for å vurdere kjelens effektivitet og størrelse. Den samlede virkningen av denne tilnærmingen bør i store trekk tilsvare virkningen av bestemmelsene i bokstav a). Medlemsstater som velger dette alternativet skal hvert annet år sende Kommisjonen en rapport om likeverdigheten av deres tilnærming.

Artikkel 9

Kontroll av klimaanlegg

For å redusere energiforbruk og begrense utslipp av karbondioksid, skal medlemsstatene treffe de nødvendige tiltak for å gjennomføre en regelmessig kontroll av klimaanlegg med en nominell nytteeffekt på mer enn 12 kW.

Denne kontrollen skal omfatte en vurdering av klimaanleggets effektivitet og størrelse i forhold til bygningens kjølebehov. Brukerne skal få egnede råd om mulig utbedring eller utskifting av klimaanlegget og om alternative løsninger.

Artikkel 10

Uavhengige sakkyndige

Medlemsstatene skal sikre at sertifiseringen av bygninger, utarbeidingen av de medfølgende anbefalingene og kontrollen av kjeler og klimaanlegg gjennomføres på en uavhengig måte av kvalifiserte og/eller godkjente sakkyndige, uansett om de er selvstendig næringsdrivende eller ansatt i offentlige organer eller private foretak.

Artikkel 11

Revisjon

Kommisjonen skal bistås av komiteen nedsatt ved artikkel 14 for å vurdere dette direktiv i lys av erfaringer som er gjort med hensyn til anvendelsen av det, og, ved behov, fremme forslag med hensyn til blant annet

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygninger

- a. mulige tilleggstiltak i forbindelse med restaurering i bygninger med et samlet bruksareal på mindre enn 1 000 m²,
- b. allmenne incitament for ytterligere energieffektiviseringstiltak i bygninger.

Artikkel 12

Opplysninger

Medlemsstatene kan treffe de nødvendige tiltak for å opplyse brukerne av bygningen om ulike metoder og rutiner som bidrar til å gi økt energieffektivitet. Etter anmodning fra medlemsstatene skal Kommisjonen bistå medlemsstatene i gjennomføringen av slike opplysningskampanjer, som kan inngå i fellesskapsprogrammer.

Artikkel 13

Tilpasning av rammen

Nr. 1 og 2 i vedlegget skal revideres med jevne mellomrom, som ikke skal være kortere enn to år.

Eventuelle endringer som er nødvendige for å tilpasse nr. 1 og 2 i vedlegget til den tekniske utvikling skal vedtas etter framgangsmåten nevnt i artikkel 14 nr. 2.

Artikkel 14

Komité

1. Kommisjonen skal bistås av en komité.
2. Når det vises til dette nummer, får artikkel 5 og 7 i beslutning 1999/468/EF anvendelse, samtidig som det tas hensyn til bestemmelsene i beslutningens artikkel 8.
Tidsrommet fastsatt i artikkel 5 nr. 6 i beslutning 1999/468/EF skal være tre måneder.
3. Komiteen fastsetter sin forretningsorden.

Artikkel 15

Innarbeiding i nasjonal lovgivning

1. Medlemsstatene skal innen 4. januar 2006 sette i kraft de lover og forskrifter som er nødvendige for å etterkomme dette direktiv. De skal umiddelbart underrette Kommisjonen om dette.
Disse bestemmelsene skal, når de vedtas av medlemsstatene, inneholde en henvisning til dette direktiv, eller det skal vises til direktivet når de kunngjøres. Nærmere regler for henvisningen fastsettes av medlemsstatene.
2. Medlemsstatene kan, i mangel av kvalifiserte

og/eller godkjente sakkyndige, få et ytterligere tidsrom på tre år til å anvende bestemmelsene i artikkel 7, 8 og 9. Når medlemsstatene benytter seg av denne muligheten, skal de underrette Kommisjonen og framlegge en egnet begrunnelse sammen med en tidsplan for den videre gjennomføring av dette direktiv.

Artikkel 16

Ikrafttredelse

Dette direktiv trer i kraft den dag det kunngjøres i *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.

Artikkel 17

Adressater

Dette direktiv er rettet til medlemsstatene.
Utfærdiget i Brussel, 16. desember 2002.

For Europaparlamentet
P. COX
President

For Rådet
M. FISCHER BOEL
Formann

Vedlegg

Allmenn ramme for beregning av energieffektivitet i bygninger (artikkel 3)

1. Beregningsmetoden for energieffektivitet i bygninger skal omfatte minst følgende faktorer:
 - a. bygningens termiske egenskaper (ytre bygningsskall og innvendige skillevegger osv.). Disse egenskapene kan også omfatte lufttetthet,
 - b. varmeanlegg og varmtvannsforsyning, herunder isolasjonsegenskaper,
 - c. klimaanlegg,
 - d. ventilasjon,
 - e. innebygget lysanlegg (hovedsakelig den sektor som ikke brukes til boligformål),
 - f. bygningers plassering og orientering, herunder uteklima,
 - g. passive solenergisystemer og solbeskyttelse,
 - h. naturlig ventilasjon,
 - i. inneklima, herunder planlagt inneklima.
2. I denne beregningen skal det, når det er relevant, tas hensyn til den positive virkningen av følgende faktorer:
 - a. aktive solenergisystemer og andre varme- og elektrisitetssystemer som bygger på fornybare energikilder,

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 37/2004 av 23. april 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/91/EF om energieffektivitet i bygningar

- b. elektrisitet fra kraftvarmeanlegg,
 - c. fjernvarme- eller nærvarmeanlegg for oppvarming eller kjøling,
 - d. naturlig lys.
3. I forbindelse med denne beregningen bør bygninger inndeles på egnet måte i kategorier som:
- a. enfamiliehus av ulike typer,
 - b. boligkomplekser,
 - c. kontorer,
 - d. utdanningsinstitusjoner,
 - e. sykehus,
 - f. hoteller og restauranter,
 - g. idrettsanlegg,
 - h. bygninger for engros- og detaljhandel,
 - i. andre typer energiforbrukende bygninger.
-
-

